Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

Kyrkja i Voss

Utträgata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no “Trusopplæringa i Voss”
Frivillig gåve til trusopplæringa til
kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)

STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

# Velkomen til T4-dag

## Barnebibel til 4-åringane




T4

STØRST AV ALT
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA
VOSS

Kjære Foreldre

De har no ein 4-åring i huset, fødd i 2017
og døypt ei tid etter det.
Samman med 4-åringen er de invitert til
T4-dag, som ei oppfølging av dåpen.

Utdeling av barnebibel til fireåringane er
ein del av gustenesta i *Vinje kyrkje*
sundag 26. september kl. 11:00,
ei gudsteneste som er felles for Oppheim og Vinje.

Det er avgrensa med plassar i kyrkja grunna korona.
Kvar fireåring kan diverre berre ha med seg ein
vaksen.

Om de har spørsmål, må de gjerne ta kontakt.

Gje beskjed:
- om barnet treng spesiell tilrettelegging.
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett, kyrkjenytt e.l.

Eg er trygg hos deg.
Eg får be til deg.
Eg får lovsyngja ditt namn.
Du har tid for meg,
når eg søkjer deg,
min Herre, min Gud.

**Påmelding**
SMS (namn på barn og vaksen, og om me får lov å
publisere bilete) innan fredag 24. september,
til kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik: SMS 995 18 194